

## **Møte i Voss Idrettsråd måndag 4.jan. 2016**

**Tilstades:** Asle, Ingvild, Nils, Einar, Frode, Borghild, Gunn Marit og Nils Helge.

### **Gjennomgang referat frå møte 25.11.2015**

*Vossabadet*, sidan sist – Asle har vore i møte for å finna nye lokale til FBK Voss og Voss IL. Det er no opp til ordførar og teknisk sjef i kommunen for å finne nye lokale. Me avventar saka.

*Søknad om kommunale tilskotsmidlar* – Nils

Å setja krav kan ekskludera ulike idrettar. Kva er behova for støtte i dei ulike laga? Trenarutdanning? Utstyrsbehov? Skal det vera ein storleik på beløpet det kan søkjast om? Bør me laga ei prioriteringslista?

Me konkluderer med i år, at laga kan søkja på trenarutdanning og kurs. Nils og Asle lagar eit framlegg til formuleringa av konklusjonen vår.

Vidare vart det snakka om at laga kan også søkja særforbunda om ulike midlar. Bør laga få informasjon om kva dei kan søkja på i særforbunda?

*Vossameisterskapen på ski* – pengar er kome inn på kontoen, om lag kr 10 000. Me konkluderer med at pengane går tilbake til Idrettsrådet og kjem idretten til gode generelt.

### **Spelemidlar**

Prioritering av spelemidlar 2016

Det er altfor lang ventetid på spelemidlar, opp mot 6 år. Effekten av spelemidlar vert difor kraftig redusert grunna rentebelastninga på byggjelån når ventetida vert så lang. Det er ikkje bra for idretten med så lang ventetid. I Voss kommune er ventetida lengre enn andre kommunar i fylket. Hordland Fylkeskommune bør prioritera Voss kommune. Dei 16 anlegga i kommunen søkjer om kr 11,5 mill. Dersom Voss kommune får dette beløpet er problemet løyst. Idrettskretsen og Idrettsforbundet kan ta det med til politisk drøfting. Asle hadde laga eit framlegg til denne problemstillinga. Me vart samde om framlegget frå Asle. Me sender det til MKU.

### **Ny lov for Voss Idrettsråd**

Einar har retta opp gjeldande lovverk for Idrettsrådet og gjort ein god jobb med dette. Det er ein del nye punkt og tilføyningar som Einar har endra. Me merkjer oss paragraf 13; Årsmøte for Idrettsrådet. Årsmøte skal gjennomførast innan utgangen av juni. Me godkjenner framlegget til endringane. Endringane må likevel endeleg godkjennast på neste årsmøte.

### **Fakkelfstafetten 25.jan. – ungdoms OL 2016**

Hordaland Idrettskrets er arrangør av fakkelfstafetten og seminaret i Kulturhuset.

Omtale i avisa Hordaland vil koma og lysing bør koma. Bør me minna om dette arrangementet til idrettslaga? Elles kan me spreia det på Facebook.

Informasjon frå Idrettsrådet på samkoma i Kulturhuset. Asle tek ansvar for dette.

25.jan. kl. 18.00 i Kulturhuset.

**Anleggskonferansen 25. feb. 2016** – Asle reiser? Og kanskje Nils Helge.

**Dato for årsmøte** blir førebels sett til 21. april 2016.

**Heimesida til VIR.** Det bør vurderast å få ei oppgradering på heimesida for å gjere ho betre for brukarane.

**Unge flyktingar.** Kommunen er bedt om å ta imot 18 ungdommar mellom 15 – 18 år. Idretten bør vurdere og integrere desse i sine ulike aktivitetstiltak i samråd med andre tiltak i kommunen.

Referent Borghild